

HELG OG HEIM

KYRKJELYDSBLAD FOR FØRDE, NAUSTDAL, HOLSEN OG HAUKEDALEN SOKN

NR. 4 HAUSTEN 2024 82. ÅRGANG





DEN NORSKE KYRKJA
Sunnfjord kyrkjelege fellesråd

FØRDE KYRKJEKONTOR

Kyrkjevegen 23F, 6809 Førde
Tlf.: 57 82 81 80
www.kyrkja.no/sunnfjord
sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

OPNINGSTID:

Måndag – fredag kl. 09 – 14.30

Prost: Knut Magne Nesse

Sokneprest: Ingvald Andersen Frøyen

Prest: Carsten Langeland

Diakon: Anita Øvreås Rusken

Driftsleiar: Ingvar Vagstad

Kyrkjeseekretær: Joy Taylor og Toril Øye

Økonomileiar: Trond Herløvsund

Kantor: Gro Gunnarson

Kateket: Heidi V. Styve

Kyrkjeverje: Sissel Vartdal

Kyrkjelydspedagog: Ute Lindner og

Gry Sætre

Prosjektleiar: Johanne Thingnes Leira

NAUSTDAL KYRKJEKONTOR

Kommunehuset,
postboks 90, 6806 Naustdal
Tlf.: 57 82 81 80
sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

OPNINGSTID:

Tysdagar kl 9-15.

Ta kontakt for anna avtaletidspunkt.

Sokneprest: Rigmor Frøyen

Prest: Fredrik Bråttvik

Kyrkjegardsarbeidar: Stig Ove Halbrend

Kyrkjeseekretær: Sigrun Solheim Savland

Kantor: Erlend Os

Kyrkjelydspedagog: Silje Sørebo

FØRDE KYRKJE

Kyrkjegardsarbeidar: Terje Sæle

HOLSEN KYRKJE

Kyrkjetenar: Eline Styve

Reinhald: Jorunn Holsen

HAUKEDALEN KYRKJE

Kyrkjetenar: Bodil Øvsthus Frøysland

NAUSTDAL KYRKJE

Dagleg leiar Jenny Ødven Snildal

Klokkar/kyrkjetenar: Sigrun S. Savland

VEVRING KYRKJE

Klokkar/kyrkjetenar:

Mette-Elin Standal Sæther

FØRDE KYRKJETUN

Dagleg leiar: Ann Berit Steiro.

Nytt frå redaksjonen

Kvart år har vi hatt med invitasjon til Julaftanfeiring på Førde kyrkjetun i julenummeret. I dette nummeret kjem meldinga om at arrangementet blir sett på pause. Det er trist når det ikkje er ressursar til å gjennomføre eit så viktig tiltak. Vi kan berre bringe vidare oppfordringa; har du høve til å invitere ein eller fleire til måltid og fellesskap i jula? Eller ta ein telefon til nokon som treng eit medmeneske å snakke med?

Alle treng nokon å dele tankar og kjensler med. I dette nummeret kan du lese om Kirkens SOS som i 50 år har tatt imot innringingar døgnet rundt. Det er tankevekkande at så mange ikkje har nokon rundt seg som kan lytte og gi omsorg. Les på siste side om korleis du kan bli digital frivillig!

Omsorg fekk dei spedalske på Madagaskar gjennom 130 år, og omsorg vil den gassiske kyrkja no gje til psykisk sjuke og rusavhengige. Å sjå kva våre samarbeidskyrkjer rundt i verda får til med små ressursar, gjev framtidshåp. Vi vil ha med meir stoff om kva kyrkjeoffera våre går til i bladet framover.

Helg og Heim kjem ikkje berre til husstandar i Førde, Naustdal, og Holsen og Haukedalen sokn, men dukkar opp i postkassar utanfor desse stadene, og folk lurar på om det er rett. Dette skuldast at Posten har sine faste ruter, og dei stoggar ikkje alltid ved ei soknegrense. Dermed får nokon både Helg og Heim og kyrkjebladet for sitt eige sokn.

Ha ein velsigna advents- og juletid, og kos deg med julenummeret!

HELG OG HEIM

Ansvarleg utgjevar av **Helg og Heim** er sokneråda i Førde, Naustdal og Holsen og Haukedalen. Bladet går til alle husstandar i tidlegare Førde og Naustdal kommunar.

Redaksjon:

Jenny Snildal, Annbjørg E. Hesselberg og Hanne Schnitler

Stoff og bilete kan sendast til:

- hanne.schnitler@eninvest.net
- jenny.snildal@gmail.com
- annbjorg.hesselberg@gmail.com

Grafisk utforming:

Firda Tidend Grafisk, Sandane

Trykk:

ETN Grafisk

Skal du flytte?

Du kan abonnere på Helg og Heim.

Kontakt Joy Taylor på Førde kyrkjekontor

Frivillig bladkontingent
Kr. 350,-

Bankkonto:
3705.15.33896

Merk innbetaling med «Helg og Heim».

VIPPS:

Vippsnr. **591 431**

«Helg og Heim kyrkjelydsblad»



Utgjevingsplan for 2025

Nr. 1. Stoffrist:	Nr. 2. Stoffrist:	Nr. 3. Stoffrist:	Nr. 4. Stoffrist:
Onsdag 5. februar	Onsdag 23. april	Onsdag 13. august	Onsdag 29. oktober
I posten veke 11	I posten veke 22	I posten veke 37	I posten veke 48

(Det kan komme endringar.)



Framsidedeilde: Julespel i Førde kyrkje i 2022. Foto: Hanne Schnitler



TIL ETTERTANKE

KNUT MAGNE NESSE,
prost i Sunnfjord

Dei fekk ikkje plass

I 2021 kom første smakebit av «Bibelen lett å lese». Då vart ei ny utgåve av Lukas-evangeliet gjeve ut. Utgåva hadde fokus på korte setningar og allmenkjende ord. Juleevangeliet lyder slik:

«Medan dei var i Betlehem, hende det: Tida var komen, og ho skulle føda. Og ho fødte sonen sin. Han var det første barnet ho fødte. Ho la eit teppe rundt han. Så la ho han i ei krubbe, i høyet til dyra. For dei fekk ikkje plass der menneska sov.»

Her er det lett å forstå korleis det var då Maria og Josef kom til Betlehem og Jesus vart fødd. Det var ikkje plass til dei.

I Bibelen 2021 står det fylgjande:

Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei. (Luk 2, 6-7)

Når det ikkje er husrom, så tyder det altså at det ikkje var plass der menneska sov.

Ei julafta var det familiegudsteneste. Presten var i gang med å lese juleevangeliet, så kom han til der det står: «for det var ikkje husrom for dei»... Då var det ein liten gut som sa høgt: «Slik kan det ikkje vere!» Folk klappa og tykte guten var morosam. Dette inspirerte presten og han la spontant til: «Etter Jesu fødsel skal det vere husrom for alle! Som om englene hadde skrevet med lysende skrift på himmelen den natten! Gjestfriheten er kommet til jorden. Ingen er lenger alene.»

Ordet rom, som vi bruker på norsk, kjem frå indoeuropeisk med tydinga «ope land, vidde eller rom» På engelsk brukar dei ordet «space», som har si rot frå latin «fritt område, spaserplass». I Juleevangeliet handlar det om at det ikkje var plass til Jesusbarnet. Men når det gjeld Jesus Kristus i vår verd og i vårt liv så er spørsmålet om vi gjev han rom. Det handlar ikkje om tak over hovudet eller eit rom i huset. Den jødiske filosofen Martin Buber skriv i ei av sine forteljingar om ein rabbi som hadde nokre lærde menn som gjester. Han spurde: – *Kvar bur Gud? Dei lo og sa til han: «Verda er full av Guds herlegdom». Men rabbineren svarte på sitt eige spørsmål: «Gud bur der han vert invitert inn!»*

No må ein vel rekne med at det å gje rom for Gud; Faderen, Sonen og Den heilage ande, det vil vere ei utfordring. For han krev litt plass. Jesus seier om far sin:

«Det Far min har gjeve meg er større enn alt anna, og ingen kan riva nokon ut or handa åt Far min.» (Joh 10,29)

Men framfor alt handlar jula om at Gud har plass til oss. Den spontane presten sette ord på dette: «Hos Gud skal det vere husrom for alle, gjestfriheten er kommet til jorden og ingen er lenger åleine.»

I ungdomstida mi var det ein flink forkynnar som ofte var med oss ungdommane. Ein gong hugsar eg han sa at det er eit rom i Guds hus for akkurat deg. I det rommet står bøkene eg liker å lese, gitaren min, det er innreda og laga til for akkurat meg. Eg syns den måten å sjå det på er fin, for eg treng å vite at det er rom og plass for



Julekrybba i Førde kyrkje.

den eg er hos Gud. Han heldt ofte Bibelen i handa då han fortalde, opna den og las høgt – og denne gongen frå Johannesevangeliet i det 14. kapitlet:

Lat ikkje hjartet dykkar uroast! Tru på Gud og tru på meg! I huset til Far min er det mange rom. Var det ikkje slik, hadde eg då sagt dykk at eg går og vil gjera klar ein stad til dykk? Og når eg har gått og gjort klar ein stad til dykk, kjem eg att og tek dykk til meg, så de skal vera der eg er. (Joh 14,1-3)

Med ynskje om ei god og velsigna jul!

Nytt om namn

Jenny Øvden Snildal har trappa gradvis ned siste året, og blir pensjonist på fulltid frå nyttår.

Tekst: SISSEL VARTDAL, kyrkjevevjerje i Sunnfjord

Foto: ANNBjørG E. HESSELBERG

Alle som kjenner ein pensjonist, veit at det ikkje er eit liv på latsida. Pensjonistlivet er berre ein overgang til andre oppgåver og andre prioriteringar. Og kanskje det viktigaste; friheit til å styre si eiga tid. Og etter eit langt arbeidsliv, siste 25 åra i Den norske kyrkja, unner eg Jenny dette taktskiftet.

Jenny begynte si kyrkjelege yrkeskarriere tilbake i august i 1999, og har gjennom desse 25 åra hatt ulike stillingar i Naustdalkyrkja både som kyrkjelydssekretær, kyrkjevevjerje med klokkar – og kyrkjetenaroppgåver, trusopplæringsmedarbeidar og seinare kyrkjelydspedagog. Ho har vore fungerande kyrkjevevjerje i Førde, og koordinator inn mot samanslåinga 1. januar 2020. Etter 1.1.21 vart Jenny dagleg

leiar i Naustdal sokn i kombinasjon med stilling som kyrkjelydspedagog og kyrkjetenar knytt til Naustdal kyrkje. Frå 1. desember 2023 gjekk ho av med pensjon i den delen av stillinga som omhandlar klokkar- og kyrkjetenarbiten.

Det er mange som har hatt gleder av å møte på, og samarbeide med Jenny i alle desse åra. Tilsette i Naustdal og Førde, frivillige og soknerådsmedlemmer, born, unge og konfirmantar og elles folk som kjem til kyrkja i ulike ærend. Eg har hatt gleder av å arbeide saman med Jenny i 2,5 år og har sett ein medarbeidar som er stødig i oppgåvene, venleg mot folk, godt førebudd og med god oversikt over arbeidet i soknet. Eg har og møtt ein medarbeidar som er glad i arbeidet og i kyrkjelyden, på spørsmål om kva som har vore det aller kjekkaste, svarar Jenny slik:

– Det kjekkaste har vore å jobbe som klokkar/kyrkjetenar ved gudsteneste. Å kunne førebu gudsteneste og vere ein del av gudstenestefellesskapet. Men det har og vore veldig givande å jobbe med trusopplæring, utarbeide plan og sette den ut i livet.



Jenny har fleire talent og eit av dei er å skrive. Ho har alleireie fleire bøker på samvitet, og som pensjonist skal ho skrive meir – til glede for spesielt dei yngre lesehestane. Dette er hennar egne ord om det som ligg framom:

– Det som eg gler meg til når det gjeld å bli pensjonist er å kunne besøke familie og

barnebarn meir, og å få betre tid til å skrive, avsluttar Jenny.

Kyrkjevevjerja takkar hjarteleg for stor og trufast innsats gjennom mange år i kyrkjeleg teneste, og ønskjer til lukke og Guds signing over dagane og tida som kjem.



Førde kyrkjetun

har lokale som høver dei fleste arrangement:

- Selskap, konfirmasjon, barnedåp og bryllaup
- Barneselskap og årsmølsdagar
- Minnesamvær
- Årsmøte, kurs/konferansar osv.

Ta kontakt for bestilling eller tilbod:

Tlf. 99 15 13 07 eller ann.berit.steiro@sunnfjordkyrkja.no



Lokale til leige på Naustdal kyrkjelydshus

Har du ein dag som skal feirast? Fyller du rundt år, eller er det barnedåp eller konfirmasjon i familien?

Kyrkjelydshuset i Naustdal har fleire lokale til leige.

Vi leiger også ut til ulike organisasjonar, m.a. til årsmøte.

Kontakttelefon 99 27 99 55.

E-post: kyrkjelydshusetnaustdal@gmail.com

Silje Sørebo - frå sokneprest til kyrkjelydspedagog

– Det er ikkje så stor forskjell, seier Silje, tidlegare sokneprest i Jølster, på spørsmålet om kvifor ho skifta jobb.

Tekst og foto:

JENNY ØDVEN SNILDAL

– Trusopplæring, arbeid retta mot born og unge, det har eg alltid prioritert som prest. Forskjellen er at eg ikkje skal ha gravferd og gudstenester.

Silje Sørebo er tilsett som kyrkjelydspedagog i ei deltidstilling, og skal jobbe med barn og unge både i Naustdal og Jølster.

– Eg er ikkje lei av å vere prest, seier Silje og smiler, - men med tre barn, eit bonusbarn og ein mann som jobbar mykje helg, vaks det fram eit ønske om å jobbe litt mindre, og i alle fall å jobbe færre helgar. Men ein gong i framtida kan det hende eg jobbar som prest igjen.

Barndom

Helg og Heim er nysgjerrig på kven Silje er, og vi dreg nokre år tilbake i tid for å starte med barndommen. Silje er dotter til prost Geir Sørebo, og ho fortel at ho vaks opp i Lavik, der familien budde i prestegarden.

– Eg likte å vere med der det skjedde noko, seier Silje og ler, - idrett, fjelltrim, ja, og så spelte eg i korps, kornett. Silje var og på mange leirar på Alvera, og der kom det ofte ein gjeng med kjekke gitarar frå Naustdal...

Ho fortel at ho likte godt å oppetre og deltok gjerne på gudstenester. Kyrkja var ein

stad ho kjende seg heime. Når ho sat og teikna koste ho seg med å laga plakatar til gudstenestene:

Gudsteneste i Lavik kyrkje
ved Geir Sørebo.

Kyrkjekaffi
ved Silje Sørebo.

Plakatane vart ikkje hengt opp nokon stad.

Det lyser i stille grender

I konfirmanttida starta Silje, saman med nokre venninner, eit Ten Sing kor. Dei var ikkje heilt sikre på kva Ten Sing var, og noko band hadde dei ikkje. Men song gjorde dei. Og eit år, før jul, kledde dei seg i gamle klede og tok buss til Førde. Der gjekk dei rundt i gatene og song Det lyser i stille grender, før dei tok bussen heim til Lavik.

Prest eller ikkje prest

Silje var usikker på kva yrkeskarriere ho skulle velje. Teologistudiet begynte ho på ut frå eit ønske om å lære meir av det ho trudde på. Praksis i kyrkjelyd var ein del av studiet og det var i møte med presteteneesta at tanken om å bli prest vaks fram. Silje vart ordinert og fekk jobb i Holmlia, først som kapellan, seinare som sokneprest.

Jølster

Etter mange år på austlandet gjekk turen tilbake til vestlandet og Sunnfjord. Silje vart tilsett som sokneprest i Jølster og saman med gutane sine flytta ho inn i prestegarden på Ålhus. Her fekk ho god plass, både inne og ute. Den gode plassen måtte brukast til noko og Silje bestemte seg for



å lære å veve. Med god hjelp av bondekvinnelaget fekk ho satt opp ein vevstol på kontoret.

– Men dette er eit langsiktig prosjekt, ler Silje, – eg er ikkje komen i gang med vevinga enno.

Sjølv om Silje har slutta som prest vert familien buande i prestegarden i Jølster. Og i den store prestegardshagen kan Silje halde på med ein av sine andre interesser, nemleg dyrke poteter og grønsaker.

Silje er ei allsidig dame og i seinare tid har ho utdanna seg innan fortellarkunst. Saman med ektemannen, Erlend Os, på piano framfører ho forteljinger frå bibelen.

Helg og Heim ønsker lykke til som kyrkjelydspedagog.

Førde Kyrkjetun utvida og forny

Helg og Heim sin utsende medarbeidar har vore ein tur på Førde kyrkjetun, og hatt ein prat med to nøkkelpersonar, tidlegare soknerådsleiar i Førde, Bjørn-Harald Haugsvær, og arkitekt Helge Naustdal. Desse to har hatt nokre fingrar med i spelet når kyrkjetunet no har vorte utvida.

Tekst og bilete:

ANNBJØRG EIKSUND HESSELBERG

Helge var sentral i arbeidet med å få realisert Førde kyrkjetun rundt tusenårsskiftet saman med dei som då var sokneråd, med Harald Sandvik i spissen. Når bygget no trong supplerast med verdfulle og godt utnyttede kvadratmeter, var det Bjørn-Harald som fronta soknerådet.

HISTORIKKEN

viser ein lang prosess fram til kyrkjetunet kunne innviast i 2002:

1970: Tomta sikra, avtale med KUD.

1980-talet: Ulike alternativ til vurdering.

1989 -99: Praktisk og formelt forarbeid. Arki arkitektar, arkitekt Helge Naustdal kjem inn i bildet.

Etter byggeløyve i oktober 1999 kom byggeperioden 2000-2005.

Byggeperiode og innflytting

Eit stort og tenleg bygg vert gradvis ferdig - og teke i bruk etterkvart som det er ferdig. Kommunen /fellesrådet har med dette skaffa rom for dei kyrkjelege kontora. Dei tilsette får ein god arbeidsplass. Kyrkjelyden/soknerådet får rom for ungdomsarbeid og diakonale tiltak. Den store møtesalen kan samle mange, og kombinert med dei andre møteromma kan ein leige ut til større og mindre samkomer

Finansiering er alltid eit avgjerande punkt, og det måtte låneopptak til. Leigeinntekter må difor heile tida supplerast med andre inntektsgjevande tiltak, som t.d. loppemarknad. Bjørn-Harald nemner også den store og verdfulle dugnadsinn-



satsen, både i byggetida og i drifta. Dermed kunne nytt byggetrinn iverksettast med ein million i eigenkapital – resten lånefinansiert.

Utviding må til

Det er vel eit godt teikn at aktiviteten i eit slikt hus får auka plassbehov. No i 2024 var tida inne for ei utviding – noko som til dømes har ført til at tilsette frå andre sokn kan finne seg ein kontor plass når dei likevel har ein møtedag i Førde. Eit lite kontorlandskap står til disposisjon, i tillegg til dei faste kontora. Her er det berre å slå opp laptopen og halde fram arbeidsøkta.

Bjørn-Harald Haugsvær og Helge Naustdal synes dei har fått mykje hus (nesten 100 kvm) for dei seks millionane det

har kosta i denne omgangen, for i tillegg til den nye delen er også deler av den gamle opprusta, til dømes toalett og garderobe. Alt er tilpassa dagens krav til universell utforming, så både Arbeidstilsyn og Brann-tilsyn har sjølvstøtt godkjent bygget. Attpåtil har dei fått fleire nye parkeringsplassar – sykkel plassar både utandørs og under tak inkludert, - slik forskriftene krev, må vite. Den gamle garasjen er erstatta med ei ny. Det siste var ellers ikkje heilt utan komplikasjonar: Ei lomme med kvikkleire vart effektivt fjerna frå grunnen.

Tilbygg her?

Når eg kjem til Kyrkjetunet denne varme og vakre dagen midt i oktober, har eg vanskar med å sjå at det har kome eit tilbygg. Dette takka vere at same arkitekt

ya

1



2



3



6



Foto:

1. Tilbygget
i forgrunnen2. Nytt
lunsjrom3. Bjørn-
Harald
Haugsvær
og Helge
Naustdal4. Prost Knut
Magne Nesse5. Rigmor
Frøyen låner
kontor plass6. Diakon
Anita Rusken

er ansvarleg no som før. Helge er rett nok pensjonist, men han har sytt for at stil og utsjånad er gjennomført heilt i tråd med det opphavelige bygget. Ja, vindauga i den gamle kantina har til og med fått plass i den nye! Eg får sjå ei romsleg kontoravdeling, med både møterom og stillerom. Alle nye kontor har lydtette veggjar, så det skal vere trygt å komme til dei tilsette her med det ein har på hjarta – anten det er dåpsamtaler, sorgsamtaler eller alt som livet byr på mellom dei to ytterpunktta. Triveleg kantine, med god utsikt mot Førdekyrkja, er til mykje glede for dei som arbeider på huset.

Praktisk og estetisk vellukka – dette skriv dei under på, det knippet av kyrkje-tilsette som vi får i tale mot slutten av arbeidsdagen.

Naustdal kyrkje – endringar ute og inne

Tekst og foto:
JENNY ØDVEN
SNILDAL

Etter mange år med planlegging, og fleire rundar med søknader til bispedømme og riksantikvar fekk soknerådet endelig ja til å bygge rullestolrampe. Samstundes skulle gangvegen frå portalen og opp til hovudinngangen oppgraderast.

Dei siste månadane har det vore stor aktivitet. Frå trappa ved portalen er det laga steintrapp. Trappa ligg som eit smykke i terrenget og vil gjere det lettare å ta seg opp bakken, spesielt på glatta vinterstid.

På nordsida av tårnet er ein ny rullestolrampe i ferd med å ta form. Dette arbeidet er ikkje ferdig når bladet går i trykken. Rampen er mura opp med tilhoggd stein og går i eitt med kyrkjegardsmuren. Ny dør er enno ikkje komen på plass, og det manglar rekkverk, men det skal vere ferdig før jul. Om-



Her kjem rekkverk langs rampa og ny dør inn til våpenhuset.



Ny trapp frå portalen til kyrkja.

rådet skal og asfalterast.

Men det er ikkje berre ute det vert endringar. Soknerådet har nettopp fått godkjent søknad om å fjerne benkar bak i kyrkja for å gje plass til bord og stolar. Dette arbeidet vert

sett i gong før jul. Benkane som skal fjernast vert nytta langs med veggane.

Kyrkja har i sommar blitt malt utvendig. På grunn av arbeidet med rullestolrampen er ikkje tårnet malt. Dette vert gjort til neste år.

«Mangarano» - seier det deg noko?

For mange i Sunnfjord er «Spedalskelandsbyen Mangarano» eit kjent begrep. Kvifor?

Tekst: HANNE SCHNITLER

Namnet «Mangarano» har ein særskild klang for mange sunnfjordingar. Spedalskelandsbyen Mangarano på Madagaskar fekk ein høyre om på søndagsskulen, i misjonsforeininga og kanskje på skulen. Mange har strikka sokkar eller baka lefser til inntekt for dei spedalske på Madagaskar. Vevring kyrkje har i lang tid støtta NMS sitt arbeid på Madagaskar, og der er nok ikkje namnet ukjent.

Eit samfunn for 800 utstøytte

Å gi omsorg til dei spedalske på Mangarano var Det Norske Misjonsselskap (NMS) sitt største og viktigaste diakonale prosjekt gjennom 130 år. Senteret med bustadhus, kyrkje, sjukestove og barneheim låg om lag 15 km frå byen Antsirabe, og blei opna i 1918. På det meste budde over 800 menneske her. Det vart eit eige samfunn med bustadhus, sjukestove, skule, kyrkje, ja endatil eige fengsel.

Tidlegare hadde dei leprasjuka blitt gøynde vekk og isolert. No fekk dei ein heim der dei fekk så god behandling som ein kunne gje på den tida. Misjonæranne, som gjerne var diakonisser, budde og arbeidde i landsbyen. Rett nok budde dei i den «friske sona» skild frå landsbyen med ein mur. Misjonsforeiningar og kyrkjer over heile Norge sende pengar til drifta. Mange vart engasjert i å rulle bandasjar som skulle sendast til Mangarano.

Etter at ein fekk medisinar som heldt sjukdomen i sjakk, gjekk innbyggjartalet nedover. I 2006 drog ei stor gruppe frå Førde kyrkjelyd til Madagaskar, og eit besøk på Mangarano var obligatorisk. Då hadde landsbyen framleis bebuarar som var avhengige av behandling. I 2015 vart det slutt på drifta og senteret blei lagt ned. Sidan har husa stått tomme og til nedfalls.



Mangarano – her budde opptil 800 leprasjuka. Foto: Maria Indrøy Risanger

Nytt senter for psykisk sjuke på Mangarano

Den gassisk-lutherske kyrkja på Madagaskar har bede NMS om hjelp til å rehabilitere dei nedslitte bygningane. Dei vil skape eit senter for ei anna gruppe utstøytte – dei psykisk sjuke.

Madagaskar, med om lag 30 millionar menneske, har ikkje eit godt utbygd helsevesen, og offentleg psykiatrisk helsehjelp er nær ikkje-eksisterande. Men kyrkja har ein sterk diakonal tradisjon og driv om lag 150 omsorgsbyar der frivillige og helsearbeidarar bur i lag med psykisk sjuke. Dei gjer ein enorm innsats, men trongen for fagleg oppdatering er stort.

No vil den gassiske kyrkja etablere eit psyko-sosialt senter på Mangarano, der psykisk sjuke og rusavhengige kan få behandling. Dei vil og tilby kurs til helsearbeidarane i omsorgsbyane og vil vere med i eit utvekslingsprogram for kompetanseheving. Men før dette kan bli ein realitet, må bygningane gjennom ein grundig rehabilitering.

Barndomsminne frå Madagaskar

Ein som kjenner godt til NMS sitt arbeid på Madagaskar, er sokneprest Ingvald Andersen Frøyen. Han vaks opp på Madagaskar der foreldra var misjonærar. Det har vore stort fokus i media på misjonærbarn sine oppvekstvilkår. Kva for minne sit han att med?

– Kva jobba foreldra dine med på Madagaskar, og kor lenge budde de der?

– Far var lektor og inspektør på ein vidaregåande skule som den gassiske kyrkja dreiv. Mor var utdanna bibliotekar og hadde ansvar for biblioteka på to skular. Dei var og med å etablere den første lærarskulen på Madagaskar. Der vart det undervist på gassisk, ikkje fransk. Den gongen var all undervisning i skulane på fransk, og for å kunne innførte gassisk som undervisningsspråk, måtte dei utvikle alt pedagogisk materiell på gassisk. I alt budde vi i 12 år på Madagaskar. Eg er fødd i Antsirabe, og eg og søskena mine budde der med foreldra vår fram til skulestart. Sidan budde eg på internatskule.



Ingvald Andersen Frøyen fortel om barndomsminne frå Madagaskar.



Då ei gruppe frå Førde kyrkjelyd vitja landsbyen, var senteret i drift. Her syng ei gruppe bebuarar for gjestene. Foto: Helge Naustdal



Misjonsavtalar

Kvar kyrkjelyd har avtalar med ulike organisasjonar om kva offeret i gudstenesta skal gå til. Alle kyrkjene i våre sokn har misjonsavtale med Det Norske Misjonsselskap (NMS), og då skal eit visst tal offer pr. år skal gå til dei ulike prosjekta.

Vevring har i mange år støtta NMS sitt arbeid på Madagaskar. Naustdal sokneråd er i gang med å endre sine avtalar, og Holsen og Haukedalen støttar NMS sitt kyrkjelydbyggjande arbeid i Estland.

Misjonsprosjekta i Førde kyrkje – endringar frå 2025

Hanne Bildøy, soknerådsleiar i Førde, fortel at Førde kyrkjelyd har støtta to av NMS sine prosjekt i mange år; Mali og Estland, og i tillegg KFUK/M Globalt sitt arbeid på Sri-Lanka, og då med fokus på Kamam folkehøgskule.

Nytt sokneråd har no vedteke ei delvis fornying av dette. Dei tre eksisterande avtalane går ut dette kalenderåret, men frå nyttår og fire år fram i tid (01.01.25 – 31.12.28) er det desse tre prosjekt som gjeld:

- Misjonsprosjekt kyrkjelydsbyggjande arbeid – NMS i Estland (same som før)
- Misjonsprosjekt diakonalt arbeid – Normisjon i Nepal, sjukehuset i Okhaldunga (nytt)
- Vennskapskyrkja i Bjørgvin bispedømme – kyrkja på Cuba. Prosjekt gjennom Normisjon (nytt).

Helg og Heim vil presentere dei nye prosjekta i seinare nummer.

17.mai på Mangarano

– Kan du hugse om du besøkte spedalskelandsbyen Mangarano?

– Foreldra våre tok oss med til Mangarano på 17. mai frå vi var ganske små. Då laga dei norske diakonissene til 17. maifest i landsbyen, og vi fekk møte både bebuarane og borna på barneheimen. Eg hugsar ikkje mykje, men eg har albumbilder frå desse besøka.

I ettertid har han undra seg over at foreldra tok dei med til dei utstøytte i spedalskelandsbyen og ikkje feira dagen på misjonsstasjonen i Antsirabe. Men ved å ta med borna til Mangarano, og attpå til feire nasjonaldagen der, viste dei at alle menneske har verdi, også dei som har ein smittsam sjukdom. For eit signal det var!

– Du har jo sjølv vore misjonær og budd med familien i Mali. Korleis påverka barndommen din som misjonær barn dette valet?

– Eg kan seie at misjonærkallet for meg var todelt: Eg hadde eit sterkt ynskje om å forkynde i ord og handling. Men eg hadde óg eventyrlyst. Eg hadde sett så mye og kjende at Norge på ein måte vart for lite. NMS spurde om det var aktuelt for Rigmor og meg å reise til Madagaskar, men vi ville til eit land der begge fekk likt utgangspunkt, og begge kunne jobbe som teologar. Dermed vart vi utsendingar til Mali i Vest-Afrika.

– Mange i Sunnfjord samla inn pengar til drifta i Mangarano. Kva for verknad har dette hatt, – her og på Madagaskar?

– Arbeidet som diakonissene utførde for dei spedalske gjorde sterkt inntrykk på gjevarane her i landet. Når dei var på heimeopphald reiste dei land og strand rundt og fortalde om arbeidet. Og dei mobiliserte langt utover NMS og kyrkja.

Hugs at dette var lenge før annan bistand kom i gang. Både Sanitetskvinnene og Røde kors samla inn pengar. På skulane hang det tre kart; over Norge, Palestina og Madagaskar. Det seier noko om kor godt kjend og stor støtte NMS sitt arbeid på Madagaskar hadde. Og der vart jo Leptraepidemien så godt som utrydda. Haldninga til dei sjuke vart og endra. Den gassiske kyrkja tok over arbeidet, og er no ein pådrivar innan helse.

Kva tenker du om framtida for Mangarano? Kan planane om eit psykososialt senter fungere?

– På Mangarano har dei hatt kunnskap om behandling av utstøytte menneske. No ser kyrkja at dei må gjere meir innan eit anna tabuområde; dei psykisk sjuke. Den gassiske kyrkja tar initiativet, og det er viktig for å lukkast. Dei legg premissane, dei har helsepersonell, men dei manglar pengar til å rusta opp bygningane. Dei spør om utvekslingsprogram og kurs for dyktiggjering – dei spør ikkje «Kom og redd oss!» Jau, dette vil dei klare, og dette vil engasjere mange i Norge!

Meir lesestoff

Førde historielag sitt «Historieskrift 23» har ein fyldig artikkel om Ragna Lovise Indrebø frå Førde, som var styrar på Mangarano i 14 år frå 1934. Forfattar av artikkelen er Liv Røthe.

På NMS sine nettsider har fleire artiklar om planane for Mangarano, og på NMS Gjenbruk i Førde ligg bladet Misjonstidende. Nr. 3/24 har fleire artiklar og informasjon om prosjektet.

Det er mogleg å støtte gjenoppbygginga av Mangarano via **VIPPS 797 187**.

Konfirmantjubiläum

Seks «Gullkonfirmantar» frå 1974-kullet, feira ilag i Vevring kyrkje søndag 22. september. Dei opplevde det triveleg å møtast igjen etter mange år. Praten gjekk livleg rundt kafébordet på skulen, der dei var samla etterpå. Der delte dei minner frå oppvekst og skuletid ilag. I Naustdal var det òg konfirmantjubiläum i haust.



Desse 50-årskonfirmantane møtte i Naustdal: Framme frå venstre: Margun Vestrheim Gauksrud, Oddfrid Eimbjellen Mundal, Ingunn Løken, Marit Fimland, Norid Anne Ullaland Nydal, Solveig-Margrete Sørebo. Bak frå venstre: Fredrik Bråttvik (prest), Rune Anddal, Terje Jan Ness, Hjalmar Kåre Ness, Endre Andreas Einevoll (deleis skjult), Anne Sølvi Nordheim og Eirik Torp Nilssen - kateket/ konfirmant-lerar i 1974. Foto: Jetvar Kalland.



Jubilantar i Vevring: fremste rad frå venstre: Aase Standal Skotoff, Jon Inge Engebø, Magnhild Skjærli, Aashild Thingnes. Bak frå venstre: Sigrunn Engebø Storøy, Rigmor Frøyen, Liv Apalseth Bygstad

Nytt frå Holsen og Haukedalen sokneråd

v/BODIL FRØYSLAND, soknerådsleiar.

Diakoninemndene i Holsen og Haukedalen har i mange år delt ut blomehelsingar til jubilarar som fyller 70 år, 75 år, 80 år osv. i begge bygdene våre. Holsen og Haukedalen sokneråd har no bestemt at diakoninemndene sitt arbeid med blomehelsingar til jubilarar vert avslutta frå nyttår av. Det vil såleis ikkje verta delt ut blomehelsingar til jubilarar frå januar 2025.

Soknerådet vil i staden for å kjøpa blomar heller bruka tid og ressursar på samlingar og sosiale møtepunkt for aldersgruppa. Det vil framleis verta arrangert Vi-over-60-fest kvar vinter og samlingane «Song mot sommar» og «Song i hausten» i kyrkjene held fram.

Tusen takk!



Naustdal kyrkjelydshus har lang tradisjon med å arrangere basar og kafé for å spe på inntekta. I år var ikkje noko unntak.

Tekst og foto: JENNY Ø. SNILDAL

Folk i Naustdal støttar opp om kyrkjelydshuset, og i tida før basaren kom det inn mange fine gevinstar, både til årsal

og hovudlotteri. Mykje av det var flott handarbeid.

Til kafeen stilte folk opp med gode kaker og sette av tid til dugnadsarbeid.

Basaren er ei viktig inntektskjelde for Naustdal kyrkjelydshus. Resultatet i år vart i overkant av 50 000,- på kafé og loddsal.

Stor takk til alle som tok lodd, bidrog med gevinstar og kaker, og elles hjelpte til med praktiske oppgaver.



WIKING Mini 2
Vi leverer og monterer

ATLE **an**
NAUSTDAL

Naustdalsvegen 5, Førde
Tlf. 57 82 13 76

VARMEFAG



Naustdal
Dampbakeri

KVALITET
GJENNOM
GENERASJONAR

57 72 41 40
dampbakeriet.no

Reiakvam

- Din fotograf i Førde sidan 1946

57 82 19 77 / foto@reakvam.no
reakvam.no

Gode tilbud på flis, beleggings-
stein, ferdigplen, støttemur, kvit
singel. Vi kan flislegging!

Boligkompaniet

www.boligkompaniet.com
tlf. 906 19 654



Finn din nye bustad hos oss!

Moderne og lettstelte leilegheiter.
Kom gjerne innom oss for ein prat, Halbrendssøyra 2 i Førde.
www.gravdal.no - tlf. 47 87 40 00

HELLVIK HUS

Gravdalgruppa

*Gravminne
finn du hos oss*



FAGMILJØ

Firdavegen 20, 6800 Førde, tlf. 57 72 10 60

ALTI ● SPORTSKLEDE
● SPORTSUTSTYR
● BARNEUTSTYR

Erdal Sport

INTERSPORT
Førde

Blomsterfryd

Elvetorget, Førde
Tlf. 57 82 17 05

blomsterfryd.forde@interflora.no

**Spesialist på gamle klokker,
veggur, lommeur og armbandsur**

Har klokka di høg personleg verdi - er den kanskje
eit uerstatteleg arvestykke? Treng den ettersyn -
reparasjon eller restaurering?

Urmakarverkstad i Førde med ekspertise og lang erfaring på
reparasjonar av alle typar ur. Henting og levering etter avtale
om ønskeleg. Gratis, fast prisoverslag.
6 års garanti på overhaling av veggur.



Roger Pettersen A/S

OFFENTLEG GODKJEND URMAKAR
6810 Førde - tlf. 907 32 380



MALER RUNE
SKILBREI
MALING · TAPET · GOLVBELEGG · FLISER

Følg oss!

fb.me/malerskilbrei
skilbreibutikken

Skal du bygge heilt nytt, eller fornye litt?
Vi har utvalet! Velkommen innom Skilbreibutikken i Naustdal!



FØRDE
GJESTEHUS
OG CAMPING

www.fordecamping.com 468 06 000 • Kronborgvegen 44



EXTRA

NAUSTDAL



NAUSTDAL

DET SKJER

10-kaffi på Førde kyrkjetun

Kvar onsdag frå kl. 10.00 kan du kjøpe deg kaffi og vaflar i ungdomslokalet på Førde kyrkjetun.

Førde kyrkjekor

Øving i Førde kyrkje onsdagar kl. 19.00. Vil du vere med? Kontakt dirigent Gro Gunnarson.



Kyrkja i byen

Kvar torsdag frå kl. 13.30 – 15.30, er vi på «Storebrua» mellom handelshusa i Førde, klar til ein prat. Velkomen!

Strikketreff

Bli med å strikke tepper for «Ull og omtanke – Sunnfjord». Ta med matpakke, så et vi lunsj i lag. Annankvar måndag kl. 11.00 – 14.00 på Førde kyrkjetun 9. desember, 13. og 27. januar, 10. og 24. februar, 10. og 25. mars

Tidebøn i Naustdal kyrkje

Velkomen til ei stille stund med lystening, salmesong og vekslesing. 4. desember. Datoar for nyåret er ikkje sett opp. Alle dagar kl. 11.00.

Drop in-bryllaup i Førde kyrkje!

Fredag 14. februar, Valentinsdagen, vert det mogeleg å ha ei enkel vigslе i Førde kyrkje for alle som er heimhøyrande i Sunnfjord kommune.

Vi har reservert kyrkja frå 11.00 – 15.30. Vi stiller med kyrkje, organist og prest.

De må melde dykk på heimesida vår, ordne papir på skatteetaten og ha ei kort samtale med prest.

Velkomen til eit enkelt men EKTE bryllaup!

Konsertar i adventstida

Førde kyrkje

27. november kl. 21.00:
Julekonsert «Stille natt»

30. november kl. 18.00:
Julekonsert «Deilig er jorden» med Rein Alexander og Anita Skorgan

3. desember kl. 18.30:
«Seine natt i desember» med Trygve Skaug

7. desember kl. 17.00:
Julekonsert med Førde kyrkjekor

8. desember kl. 19.00:
Konsert med Førde Kammerkor

13. desember kl. 07.00:
Luciakonsert for morgonfuglar for 15. gong!

15. desember kl. 18.00:
Kyrkjelyden sin julekonsert.

22. desember kl. 20.00:
Julegospel med «Dei heimkomne»

Naustdal kyrkje

2. desember kl. 19.00:
«Jul med Kvitre».

9. desember kl. 16.00:
Julekonsert. Arr. Naustdal sokn v. Erlend Os.

12. desember kl. 18.00:
Julekonsert med «Julesong».

Andre konsertar:

3. desember kl. 17.30:
Barnekoret og Aspirantkoret medverkar på konserten «Vår Jul» i Førdehuset.

11. desember kl. 19.00:
Førde Barnekor og Aspirantkoret saman med Jølster Barnegospel og Naustdal Barnekor deltek på konserten «Alexandras Jul» på Larris, Sunnfjord Hotell.


FARGERIKE
NOREGS LEIANDE FARGE- OG INTERIØRKLJEDJE
Førde Fargehandel %/s
TLF. 57 82 99 50
DIN LEVERANDØR AV MÅLARVARER

**TRENG DU
NOKON Å FORTELJE
DET TIL?**

 **KIRKENES
SOS**
22 40 00 40


God jul frå
NORDISK KJØKKENDESIGN



- møblar
- belysning
- gardiner
- utemøblar
- solskjerming


MARIAS HUS

nordisk design · interiør · møblar

Tlf. 478 39 411
Ange dalsv. 4, Førde (Hukseth-huset)
post@maria-shus.no | //maria-shus.no



Hafstadv. 34 (Bergegården)
6800 Førde - tlf. 913 11 837
ms@jke-forde.no



Trusopplæring

For meir informasjon sjå www.kirken.no/sunnfjord, eller last ned appene **MinMenighetsportal** og **I kirken**. Følg også med på facebooksidene til Førde kyrkje og Naustdal kyrkje. Vi minner om at aktivitetane og tiltaka våre er opne for alle. Ein treng ikkje vere medlem av Den norske kyrkje.

STØRST AV ALT

Trusopplæring i Førde sokn:

0 - 1 ÅR: Spiren/Babysong

Kvar onsdag kl. 11.00 i 2. etg. på Førde Kyrkjjetun. For barn 0 - 1 år, men eldre barn kan også delta. Ta med matpakke! Vi serverer te/kaffi. Oppstart etter nyttår er 8. januar.

1 - 3 ÅR: Krøllesamling

Song og formidling kvar onsdag kl. 17.30 på Førde Kyrkjjetun. Oppstart etter nyttår er 8. januar.



4 - ÅR: Samling

med utdeling av bok

Utdeling av bok til barna som fyller 4-år på vår-halvåret og samling for barna som har fått bok.

- Søndag 9. mars kl. 11.00 i Førde kyrkje. Barnegudsteneste.

Påmelding på nettside: <https://minkirkeside.no/Sunnfjord>

10 - 12 ÅR: Ope hus

Klubb-kveld med leik, formidling og kiosk fredagar frå kl. 18:00 - 19:30 på Førde Kyrkjjetun: Fredag 10. januar, 7. februar og 7. mars

«Familiesøndag» – eit tilbod for heile familien!

Vi inviterer heile familien til Karnevalsamling i Førde kyrkje. Om de ynskjer kan de kome utkledd. Vi har leikar, aktivitetar og servering av mat.

- Søndag 2. mars kl. 16.00

«Kirkerottene»

Eit omreisande dokketeater kjem til Førde kyrkje søndag 9. februar kl. 17.00. Påmelding på nettsida <https://minkirkeside.no/Sunnfjord>

Korskulen i Førde

Korskulen har tre kor, og alle øver i Førde kyrkje kvar tysdag:

Knøttekoret ca. 3,5 år til ca. 5 år:

Kl. 17.20 – 18.00

Aspirantkoret ca. 6 år – 2. klasse:

Kl. 18.05 – 18.50

Barnekoret 3. klasse og oppover:

Kl. 18.55 – 20.00

Har du lyst å bli med? Kontakt dirigent Gro Gunnarson, eller sjekk Facebooksida «Korskulen i Førde kyrkje». Kontingent per semester: kr. 200.

Trusopplæring i Naustdal og Vevring

Babysong

Annankvar onsdag i partalsveker kl 11.30 på Naustdal kyrkjelydshus.



Småbarnsong 2-5 år

Tysdag 28. januar, 4. og 11. februar kl 17.00-17.40 på Naustdal kyrkjelydshus.

Naustdal barnekor

Kvar onsdag frå 13.00-13.50 er det øving på kyrkjelydshuset/kyrkja i Naustdal.

Nyttårsleir 3.-5. januar: For 10. klasse og oppover på Alvøra leirstad (dersom interesse).

Tårnagenthelg i Naustdal kyrkje 18.-19. januar med innbyding til 3. klassingar.

Fastelavnssøndag for alle 2. mars kl 16.00 i Naustdal kyrkje, med Småbarnsong og barnekor.

Konfirmantleir 14.-16. mars på Alvøra leirstad.

Lys- Vaken leir i Naustdal kyrkje 29.-30. mars med innbyding til 6. klassingar.

FARSUND FLIS
flis for alle

Kvalitet - Kompetanse -
God service

Nytt, stort lokale
på Sanderplassen 10 i Førde.

Kom gjerne innom og
sjå vårt store utval.



arnes
frisørhjørne

Timebestilling
Drop-in

Tlf. 57 82 62 35
Langebruvegen 19
6800 Førde

RIKKE

Langebruv. 26 (v/Domus)
Førde
Tlf. 472 56 398
eller 578 21 340

KUNSTNARMATERIELL
INNRAMMING
BILDE



Velkomen til oss!

Elvevegen 1, Førde
(ved Kunstmuseet)

Alle dagar
utanom torsdag 11-15
Torsdag 11-17

Tlf. 404 33 220

MILJØ MØTEPlass MISJON

GUDSTENESTER

Her er oversikt over planlagde gudstener. Det kan komme endringar grunna bemanningssituasjonen.

Følg med i Firda «Det skjer», www.kyrkja.no/sunnfjord, eller kontakt kyrkjekontora. **Velkommen til kyrkje!**

SØNDAG 1. DESEMBER

Førde kyrkje 11.00 Familiegudsteneste med Lys Vaken
Naustdal kyrkje 19.00 Lysmesse

TYSDAG 3. DESEMBER

Haukedalen kyrkje 10.00 Skulegudsteneste

SØNDAG 8. DESEMBER

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Vevring kyrkje 11.00 Gudsteneste
Haukedalen kyrkje 16.00 Lysmesse
Holsen kyrkje 19.00 Lysmesse

SØNDAG 15. DESEMBER

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Naustdal kyrkje 11.00 Gudsteneste

ONSDAG 18. DESEMBER

Førde kyrkje 18.00 Lysmesse

TORSdag 19. DESEMBER

Førde kyrkje 18.00 Lysmesse

24. DESEMBER, JULAFATAN

Førde kyrkje 12.00 Familie-julespel
Førde kyrkje 14.00 Gudsteneste
Førde kyrkje 16.00 Gudsteneste
Holsen kyrkje 12.00 Gudsteneste
Haukedalen kyrkje 14.00 Gudsteneste
Naustdal kyrkje 12.15 Familiegudsteneste
Naustdal kyrkje 16.00 Familiegudsteneste
Vevring kyrkje 14.00 Familiegudsteneste

25. DESEMBER 1. JULEDAG

Førde kyrkje 12.00 Høgtidsgudsteneste
Naustdal kyrkje 12.00 Høgtidsgudsteneste

SØNDAG 29. DESEMBER

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste

SØNDAG 5. JANUAR

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Naustdal kyrkje 11.00 Diakoni-søndag: Gudsteneste
Holsen kyrkje 15.00 Minnegudsteneste

SØNDAG 12. JANUAR

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Vevring kyrkje 11.00 Gudsteneste

SØNDAG 19. JANUAR

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Naustdal kyrkje 11.00 Tårnagenthelg. Familiegudsteneste
Haukedalen kyrkje 15.00 Minnegudsteneste

SØNDAG 26. JANUAR

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste

SØNDAG 2. FEBRUAR

Førde kyrkje 11.00 Kyndelsmesse
Holsen kyrkje 11.00 Gudsteneste
Naustdal kyrkje 11.00 Misjonsgudsteneste

SØNDAG 9. FEBRUAR

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Vevring kyrkje 11.00 Gudsteneste

SØNDAG 16. FEBRUAR, SÅMANNSSØNDAG

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Naustdal kyrkje 11.00 Gudsteneste

SØNDAG 23. FEBRUAR

Førde kyrkje 11.00 Familiegudsteneste
Haukedalen kyrkje 15.00 Gudsteneste

SØNDAG 2. MARS, FASTELAVN

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Førde kyrkje 16.00 Karnevalsamling
Vevring kyrkje 11.00 Familiegudsteneste
Holsen kyrkje 15.00 Gudsteneste
Naustdal kyrkje 16.00 Familiegudsteneste

5. MARS, ASKEONSDAG

Førde kyrkje 19.00 Gudsteneste

SØNDAG 9. MARS

Førde kyrkje 11.00 Barnegudsteneste, 4-årsbok

TORSdag 13. MARS

Førde kyrkje 19.00 Kvardagsmesse

Besøkstenesta i Førde sokn

Har du tid og lyst til å vere med å ha ei meiningsfull oppgåve? Nokre personar er allereie med i besøkstenesta i Førde,

men det er plass til fleire. Diakon Anita Øvreås Rusken har ansvaret for tilbodet. Dei som er nye får rettleiing, infor-

masjon om teieplikt, skriftleg avtale og tilbod om oppfølging. Anita er med på det første heimebesøket.

Kyrkjeskys til Førde kyrkje

Det er ikkje avklart om det blir kyrkjeskys til alle gudstener på nyåret.

For informasjon kontakt kyrkjekontoret måndag-fredag tlf. 57 82 81 80, eller diakon Anita Øvreås Rusken tlf. 900 68 514.

8. DESEMBER
Gunnar Johannessen
tlf. 91727191

15. DESEMBER
Ingvild og Harald Eikenes
tlf. 99365322/91388644

25. DESEMBER KL. 12.00!
Oddbjørg Espeset tlf.
90593295



GRAVFERDER

FØRDE KYRKJE

13.08	Oddleif Nistad	f.1941
15.08	Thomas Rene Nybø Fauske	f.1991
	<i>Sjukehuskapellet</i>	
20.08	Per Jørgensen	f.1946
22.08	Bjørge Paulen	f.1956
23.08	Heidi Håberg	f.1958
29.08	Aslaug Maria Sollid	f.1944
30.08	Turid Eva Gjesdal Åsen	f.1952
05.09	Leif Anfinn Hafstad	f.1933
06.09	Randi Ingeborg Opseth	f.1934
06.09	Hjørdis Sigbjørg Heilevang	f.1923
20.09	Ulf Christian Reusch	f.1939
24.09	Bjørge Karin Stelander	f.1933
27.09	Kirsti Dagmar Ramstad	f.1928
03.10	Aslaug Vagstad	f.1971
15.10	Geir Sigfred Rysjedal	f.1949
17.10	Matias Bruland	f.1993
22.10	Gunnar Angedal	f.1943
	<i>Sjukehuskapellet</i>	

HAUKEDALEN KYRKJE

25.10	Magne Reidar Vallestad	f.1935
-------	------------------------	--------

NAUSTDAL KYRKJE

16.08	Ada Løtuft	f.1929
-------	------------	--------

VEVRING KYRKJE

30.08	Arvid Løvik	f.1938
-------	-------------	--------

DØYPTJE

FØRDE KYRKJE

11. AUGUST
Emma Gjørven Vollan
Tuva Kastet Langedal

18. AUGUST
Jarl Andreas Auganæs Bruland

24. AUGUST
Julian Lokøy Semshaug
Døpt i Foldnes kyrkje

25. AUGUST
Eline Finseth Bruland

8. SEPTEMBER
Johannes Gideonse Lønning
Døpt i Tjugum kyrkje

15. SEPTEMBER
Emilie Østine Hjelmeland
Laura Mildred Bareksten Juhler
Mina Djupvik Solheim
Magnus Aam Bringeland

29. SEPTEMBER
Aksel Aardal Hegrenes
Ariel Nytingnes Daniel
Tage Øren Geithus

6. OKTOBER
Ingrid Andrea Sønnervik Bruland
Alma Støfring Isene
Ola Frøyen
Lotta Støfring Roska
Hedda Støfring Hoff
Døpt i Helgheim kyrkje

20. OKTOBER
Tiril Berg Aasen
Aksel Furevik

NAUSTDAL KYRKJE

18. AUGUST
Mari Stølen Gjoringbø
Amanda Halland Vonen
Aksel Åsnes Røyrvik

15. SEPTEMBER
Ellie Stuhaug Horstad

6. OKTOBER
Emma Drageset Skår
Brage Hoff Vestrheim

VIGDE

FØRDE KYRKJE

24. AUGUST
Karianne Hestad og
Arild Nicolai
Fauske

5. OKTOBER
Inger-Marit Soltvedt og
Ola Vangen

17. OKTOBER
Inger-Lene Hollekim Sunnarvik og
Trond Aase

NAUSTDAL KYRKJE

31. AUGUST
Helene Aaland Skaar og
Dag Inge Fimland

Juleaftanfeiring på pause

Den tradisjonsrike Juleaftanfeiringa på Førde kyrkjetun blir dessverre ikkje arrangert i år.


Arrangementet krev store ressursar frå tilsette og frivillige, og i år får vi det ikkje til. Vi

veit at mange har sett stor pris på å feire høgtida saman med andre på kyrkjetunet, så dette var ingen enkel avgjersle å ta.

Vi oppfordrar alle som har høve til det å invitere heim

ein eller fleire gjestar, på juleaftan eller ein annan dag i jula. Og kan de ikkje det, så kan ein telefonsamtale vere til god hjelp for den som er aleine.

Førde kyrkje ved miljø- og diakoniutvalet og Friskliv- og frivilligsenteret i Sunnfjord kommune.



Returadresse
Førde kyrkjekontor
Kyrkjevegen 23F
6809 FØRDE

Det viktigaste eit menneske treng er eit anna menneske

Dette var grunntanken då Kirkens SOS vart etablert i 1974 og forankra i kyrkja sitt diakonale oppdrag. I 2024 markerer landets største kriseteneste 50 års-jubileum, og frivillige har sidan oppstarten besvart millionar av samtalar med menneske som treng eit medmenneske å snakke med.

Tekst: SISSEL VARTDAL i samtale med
generalsekretær LASSE HEIMDAL

I dag består Kirkens SOS av 11 fysiske sentre rundt om i landet, og eit heildigitalt senter. Tenesta er open heile døgnet og alle dagar i året, og dei rundt 1000 frivillige besvarar årleg rundt 170 000 henvendelsar på telefon, chat og SOS-melding. Krisetenesta opplever stor pågang, og klarer på langt nær å svare alle. Det tek i underkant av to minutt mellom kvar gong nokon kontaktar Kirkens SOS og kvart 19. minutt finn det stad ein samtale med menneske med sjølv mordstankar.

– Tala syner at Kirkens SOS er like viktige no som for 50 år sidan – om ikkje viktigare. Det er eit stort behov for vår teneste der menneske kan ta kontakt når ein treng å snakke om følelsesmessige og eksistensielle kriser – kva tid på døgnet det måtte vere, seier generalsekretær Lasse Heimdal i Kirkens SOS.

Underteikna har vore frivillig medarbeidar i Kirkens SOS i fleire år, og var óg så heldig å få sjå arbeidet på nært hald som leiar av landsstyret. Det er eit imponerende arbeid med høg fagleg standard og stor kompetanse på frivilligheit. Tenesta har relativt få tilsette, men desto fleire frivillige med eit livsviktig oppdrag.

– Vi er ei førstelinje for menneske i livskrise, og er dagleg i kontakt med naudetatar og politi for å avverge akutte hendingar med fare for liv og helse. Når det står om liv, er det heilt avgje-



rande at samtala kjem gjennom og ikkje blir ståande i kø, fortel Heimdal.

Kirkens SOS trengs framleis

Kriser, uro og psykisk uhelse pregar mange menneske, og behovet for eit medmenneske å snakke med er like stort no som ved krisetelefonen sin oppstart for 50 år sidan.

– Vi har eit jamnt stort trykk gjennom heile året. Ekstra tungt er det kring jul og andre høgtider da så mange andre tilbod er stengde ned. Då er det mange som treng nokon å snakke med. Den største avgrensinga vår er tilgong på menneske som kan få

trening i å svare dei som vender seg til oss, avsluttar Lasse Heimdal.

Så til slutt kjem ei oppfordring til lesarar av Helg og Heim:

Om du, eller nokon du kjenner, er nysgjerrig og ønskjer meir informasjon om det å vere frivillig, ta kontakt med Kirkens SOS. Dersom avstanden til det næraste senteret er for lang, kan du vere medarbeidar ved det heildigitalt senteret. Årets jubileum hadde «50 år med håpssamtaler» som overskrift, som frivillig kan du bidra til fleire håpssamtalar.

Bli ein av oss

- Eg gler meg til kvar vakt. Å gjera noko for andre gir livet mitt meining.

- Frivillig i Kirkens SOS

Les mer og søk på: kirkens-sos.no/frivillig